



Bernt Simonsen
Skarsvegen 476
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3659 - 23/35015

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2023

Søknad om fritak for gjødselplan - gbnr 147/5 og 147/6 Sellevoll

Administrativt vedtak: Saknr: 462/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket **Bernt Simonsen** dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 10.05.2028 for gbnr 147/5 og 147/6 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødsemengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny Søknad.

Saka gjeld:

Foretaket **Bernt Simonsen** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 147/5 og 147/6.

Søkjare eig 11,6 daa overflatedyrka mark, 4,7 daa fulldyrka mark og 27 daa innmarksbeite. Drifta er 5 vinterfora sauer (villsau). Søkjare samlar ikkje opp husdyrgjødsel fordi han har sauer som går ute heite året. Driftsforma er utgangardrift.

Planen til søkjaren er etter kvart å uke tall sau. Det er vert ikkje meir enn 10-15 stk villsau. Ut frå dette kan det vere nokre trille bærer kvart år for å tidvis tømme og reingjere liggeområda til sauene.

Søkjaren brukar små mengder av kunstgjødsel for å få god kvalitet på tørrhøy.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå foretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/3659 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bernt Simonsen

Skarsvegen 476

5911

ALVERSUND